

i Eksamens i EXPHIL03 våren 2020 – sjølvstudiumsvarianten

Tysdag 5. mai - kl. 09.00-13.00 (4 timer)

Du skal svare på både oppgåve 1 og oppgåve 2.

Tips og triks:

- Du treng ikkje tenke på å lagre det du skriv. Inspera autolagrar kvart 15. sekund og kvar gong du byter frå ein del av oppgåva til ein annan.
- Du kan velje målform øvst i høgre hjørne.
- Øvst til venstre ser du kor mykje tid det er att på eksamen.
- Du kan auke storleiken på skrivevinduet ved å trykke på ikonet med fire piler over vindaugelet. Du set han tilbake ved å trykke på same ikonet ein gong til.

Formelle krav til oppgåvesvaret:

- Sjølvstende. Oppgåvesvaret du leverer skal vere ditt eige, sjølvstendige arbeid, og eit resultat av eiga læring og arbeidsinnsats. Difor: Ikkje "klipp og lim", bruk hovudsakleg dine eige ord, og ikkje samarbeid med andre kandidatar medan eksamen går føre seg.
- Kjeldetilvising. Om du gjev att tekst ordrett, skal dette markerast som sitat, og du må oppgje kjelde eller opphavsperson. Når du med eigne ord gjev att fakta, påstandar eller resonnement henta frå andre stader, treng du ikkje oppgje kjelde i del 2 Eksamensspørsmål av denne heimeeksamenen. Du treng ikkje lage ei litteraturliste.
- Du skal skrive kandidatnummeret ditt øvst i oppgåvesvaret ditt. Du skal også skrive oppgåvenummera til dei oppgåvene du svarar på i oppgåvesvaret ditt. Du skal ikkje oppgje namnet ditt.

Generelt for semesteroppgåve og eksamensspørsmål:

- Plagiatkontroll: Alle oppgåvesvar blir elektronisk kontrollert for plagiat mot tekstar på nett og mot oppgåvesvara til andre studentar, både for dette semesteret og tidlegare semester. Tekst som viser seg å vere kopiert frå andre stader kan føre til mistanke om fusk/forsøk på fusk, med mogleg alvorlege konsekvensar for deg som student.
- Prøva har automatisk innlevering når eksamenstida er omme. Om du etter å ha byrja på eksamen likevel ikkje vil levere oppgåvesvaret, må du trekkje deg frå eksamen eller slette alt du har gjort i oppgåvesvaret. Trykk på ikonet øverst i høye hjørne for å få opp valget "Jeg vil trekke meg".

Dersom du har tekniske problem, ring instituttet på 22 84 45 99

Dersom du har faglege spørsmål til oppgåva, kan du kontakte faglærarar:

Kari Sletnes tlf. 995 44 539 (ikkje sms)

Panos Dimas, tlf. 450 66 434

Lukke til på eksamen!

1 Oppgåve 1.

Du skal svare på anten oppgåve I eller oppgåve II. Oppgi kva oppgåve du svarar på.

I. Du skal svare på både A og B.

A. Kor viktig er biologi for forståinga av skilnadene mellom menn og kvinner? Drøft i høve til to tenkjarar frå pensum.

B. Kunne vi hatt kunnskap dersom vi mangla einkvar sanseerfaring? Drøft i høve til to tenkjarar frå pensum.

II. Du skal svare på både A og B.

A. Korleis kan vi vite at noko vi erfarer er verkeleg? Drøft i høve til to tenkjarar frå pensum.

B. Samanlikn Humes og Kants syn på den rolla fornufta og rasjonaliteten spelar i dei moralske avgjerdene våre.

Skriv svaret ditt her...

Format Font size: 10pt | **B** *I* U x_1 x^2 | \int_x | $\frac{d}{dx}$ $\frac{d^2}{dx^2}$ | \leftarrow \rightarrow $\leftarrow\rightleftharpoons$ $\rightarrow\rightleftharpoons$ | $\frac{1}{x}$ $\frac{1}{x^2}$ | Ω $\frac{\partial}{\partial x}$ | Σ \prod | ABC \checkmark | \otimes

Words: 0

Maks poeng: 0

2 Oppgåve 2

Du skal svare på anten oppgåve I eller oppgåve II. Oppgi kva oppgåve du svarar på

I Du skal svare på både A og B.

A. Gjer greie for kva som gjev ei handling moralsk verdi ifølgje Kant. Samanlikn så dette med Humes syn på kva som er grunnlaget for dei moralske dommane våre.

B. Er abort moralsk akseptabelt? Drøft med tilvising til to tenkjarar på pensum.

II Du skal svare på både A og B.

A. Korleis kan vi finne ut kva for moralske reglar vi bør leve etter? Er det nokre gonger akseptabelt å bryte desse reglane? Drøft med tilvising til to tenkjarar på pensum.

B. Kan slaveri nokon gong vere moralsk akseptabelt? Drøft med tilvising til to etiske teoriar på pensum.

Skriv svaret ditt her...

Format - | **B** *I* U \times_2 \times^2 | \mathcal{I}_x | | | $\frac{1}{2} = \frac{3}{6}$ | Ω | | Σ | ABC |

Words: 0

Maks poeng: 0